

**SAKSFRAMLEGG**

Saksnr. 2014/839	Løpenr. 10685/2014	Klassering 002
Sakshandsamar:	Bent Arild Grytten, Rådmannen	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
165/14	Formannskapet	01.12.2014
89/14	Kommunestyret	18.12.2014

**KOMMUNEREFORM - LOKAL PROSESS I HAREID KOMMUNE**

/ 2014/839

**Tilråding frå rådmannen:**

1. Hareid kommunestyre tek sak om lokal prosess om kommunereforma til vitande.
2. Hareid kommunestyre gir lokal prosjektgruppe for kommunereforma i oppdrag å organisere konkret framdriftsplan for lokal prosess for første halvår i 2015, og å legge føringar for vidare framdrift. Framdriftsplanen må vurdere ressursbruk og informasjonsstrategi.
3. Prosjektgruppa får mynde til å peike ut aktørar, som det er tenleg å knytte til seg i prosessarbeidet.
4. Ordføraren er medlem og leiar i prosjektgruppa som elles skal bestå av:
  - varaordførar
  - rådmann
  - kontaktperson utpeikt av rådmannen
  - hovudverneombud

**Formannskapet si handsaming:**

**Anders Riise H**, fremja forslag om at ein frå opposisjonen vert medlem.

Det vart og fremja forslag om å tilføre fylgjande i punkt 3:

«Prosjektgruppa rapporterer jamleg til formannskapet.»

### **Røysting:**

Det vart røysta over tilrådinga med endringar:  
Samrøystes vedteke.

### **Formannskapet si tilråding frå møte 1.12.2014:**

5. Hareid kommunestyre tek sak om lokal prosess om kommunereforma til vitande.
6. Hareid kommunestyre gir lokal prosjektgruppe for kommunereforma i oppdrag å organisere konkret framdriftsplan for lokal prosess for første halvår i 2015, og å legge føringar for vidare framdrift. Framdriftsplanen må vurdere ressursbruk og informasjonsstrategi.
7. Prosjektgruppa får mynde til å peike ut aktørar, som det er tenleg å knytte til seg i prosessarbeidet. Prosjektgruppa rapporterer jamleg til formannskapet.
8. Ordføraren er medlem og leiar i prosjektgruppa som elles skal bestå av:
  - varaordførar
  - rådmann
  - kontaktperson utpeikt av rådmannen
  - hovudverneombud
  - ein frå opposisjonen

#### *Utskrift til:*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
KS Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Sunnmøre Regionråd  
Ørsta kommune  
Herøy kommune  
Sande kommune  
Ulstein kommune  
Vanylven kommune  
Volda kommune  
Hareid ungdomsråd  
Arbeidstakarorganisasjonane v/ Hovudtillitsvalde  
Hovudverneområdet  
Hareid Næringsforum  
Hareid frivilligsentral  
Grendelag  
Hareid sokneråd

**Vedlegg:**

Nr.	Namn	
1	Invitasjon til å delta i reformprosessen	27.08.2014
2	Forventningsbrev – Kommunereform i Møre og Romsdal	15.10.2014

**Uprenta saksvedlegg:****Samandrag av saka:**

Saka er ei fyrstemelding til kommunestyret om tankar kring gjennomføring av prosess i høve kommunereforma. Erfaringar frå andre kommunereformprosessar er at politikarane må eige prosjektet og ha eit aktivt engasjement for at ein skal lykkast.

**Saksopplysningar:**

Regjeringa presenterte sin heilskaplege plan for ei kommunereform i kommuneproposisjonen for 2015. Under Stortinget si behandling av proposisjonen vart det i hovudtrekk gitt brei tilslutning til at det er behov for endringar i kommunestrukturen. Også måla for reforma var det brei semje om. Regjeringa har derfor sett i verk ein reformprosess som omfattar alle landets kommunar, og legg i dette arbeidet stor vekt på Stortinget sitt fleirtal for at det no ligg eit utgreiingsansvar på kvar einskild kommune. Det betyr at alle kommunar, også dei som ikkje ønskjer samanslåing, må ta del i prosessen og gjere vedtak etter oppsett tidsplan.

Det offisielle startskotet for det lokale arbeidet med reforma kom i brev 27. august frå kommunal- og moderniseringsministeren, med invitasjon til å delta i reformprosessen. Av invitasjonen går det fram at landets fylkesmenn er tildelt eit ansvar for å sette i gang, og å lage rammer rundt dei lokale prosessane. Hareid kommune mottok 15. oktober eit forventningsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som har sett ned ein lokal framdriftsplan for fylket. I tråd med denne framdriftsplanen skal alle kommunane i fylket innan 31.12.14 ha gjort vedtak om korleis prosessen for arbeidet med kommunereforma skal sjå ut lokalt. I tillegg til å vere eit framdriftskrav er prosessvedtaket ein føresetnad for å få tildelt prosesstøtte på til saman kr 300.000 til det vidare arbeidet.

Rådmannen legg med dette fram sitt forslag til korleis Hareid kommune kan leggje opp sitt arbeid med kommunereforma. Rådmannen vurderer at arbeidet med reforma kjem til å medføre utgreiings- og saksbehandlingskostnader, og det er av betydning at kommunen oppfyller dei krava som er sett for å få utbetalt prosesstøtte frå Fylkesmannen. Dette saksframlegget har ikkje til hensikt å forskottere ein debatt om Hareid kommune skal eller ikkje skal slå seg saman med andre kommunar, eller kven dette eventuelt skal vere. Saka blir lagt fram for å sikre ei god politisk forankring av den prosessen kommunen no skal inn i, og for å støtte dei framdrifts- og prosesskrav som er stilt frå Fylkesmannen.

**Grunnlagdokument og informasjonskjelder:**

Kommunereforma har fått mykje merksemd og omtale i både lokal og nasjonal media, og informasjonsmengda er etter kvart stor. Det blir i denne saka ikkje gjort ei heilskapleg oppsummering og vurdering av dei premissa som så langt ligg føre, men i det følgjande ligg ei oversikt over dei mest sentrale dokumenta og informasjonskjeldene i saka, med lenker:

Regjerings- og stortingsdokument, m.m.:

[Første delrapport frå regjeringa sitt ekspertutval – mars 2014](#)

- [Kommuneproposisjonen 2015 – meldingsdel om kommunereform - mai 2014](#)
- [Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om kommuneproposisjonen 2015](#)
- [Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin nettstad om kommunereform](#)
- [Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin nettstad om kommunereform](#)
- [Rundskriv av 25.09.14 om inndelingslova](#)

#### Prosess- og analyseverktøy:

- [Nykommune.no](#) – ei nyutvikla nettside som samanstiller nøkkel- og utviklingstal for enkeltkommunar og kombinasjonar av kommunar.
- [Rettleiar for utgreiing og prosess](#)
- [Berekningsmodell for inndelingstilskott](#) (KS, Excel-rekneark som fungerer best på pc)
- [Innbyggjarundersøking om ny kommunestruktur på Sunnmøre](#) – rapport september 2014 – Sentio på oppdrag frå Sunnmøre Regionråd.

#### *Roller og ansvarsfordeling*

Ei rekke aktørar er allereie tildelt sentrale roller i det komande reformarbeidet. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt/lokalt. Dei viktigaste og mest sentrale er som følgjer:

- Fylkesmannen  
Alle landets Fylkesmenn er gjennom eige oppdragsbrev bedt om å vere tilretteleggar og koordinator for reforma i sitt fylke, og er bedne om å samarbeide med KS om dette. Fylkesmannen tildeler prosesstøtta som er løyvd til reforma, og alle embeta har tilsett ein eigen prosessrettleiar for reforma. [Oppdragsbrevet frå KMD til alle landets Fylkesmenn kan lesast her.](#)
- KS Møre og Romsdal  
Formannskapet gav i sak 120/14 tilslutning til KS si deltaking som fagleg tilretteleggar og koordinator for lokale/regionale prosessar i kommunereformarbeidet. KS legg som premis for eigen medverknad i reformarbeidet at endringar i kommunestrukturen må byggje på lokale prosessar, og at KS ikkje skal vere ein pådrivar for dette.
- Sunnmøre Regionråd  
Samarbeidsorgan og dialogplattform for dei folkevalde på Sunnmøre. arrangerte 25. september konferansen Arena Sunnmøre 2014, med formannskapa/rådmenn som målgruppe og kommunereform som eige tema.
- Kompetansesenter for distriktsutvikling  
Kompetansesenter for distriktsutvikling skal hente inn, systematisere og formidle kunnskap om erfaringar frå kommunesamanslåingar. Dette gjeld både prosessar som har ført fram til kommunesamanslåing, og prosessar som ikkje har ført fram til samanslåing. Senteret er i tillegg sentral som utviklar av ulike verktøy skal styrke kommunane sitt avgjerdsgrunnlag.

Stortinget har gitt si tilslutning til følgjande mål for kommunereforma:

#### *1) Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane*

Større kommunar med betre kapasitet og kompetanse vil leggje til rette for gode og tenester over heile landet. Større fagmiljø vil gi meir stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og ein breiare tiltaksportefølje, særleg i små og spesialiserte tenester.

## *2) Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*

Kommunesektoren skal bli betre i stand til å løyse nasjonale utfordringar. Reforma skal betre føresetnadane for ei styrka og samordna lokal og regional utvikling i alle delar av landet både når det gjeld arealbruk, samfunnstryggleik- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklinga i kommunen. Det er ønskeleg at kommunegrensene i større grad blir tilpassa naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar.

## *3) Berekraftige og økonomisk robuste kommunar*

Større kommunar vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha ei meir variert befolknings- og næringsamansetjing. Det gjer kommunane meir robuste overfor uventa hendingar og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar vil leggje til rette for ein meir effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer.

## *4) Styrkt lokaldemokrati og fleire oppgåver til kommunane*

Større og meir robuste kommunar kan få fleire oppgåver. Dette vil gi meir makt og avgjerdsrett til kommunane, og dermed auka lokalt sjølvstyre. Større kommunar vil og redusere behovet for interkommunale løysingar. Færre og større kommunar som gjennomfører ein velferdspolitik i samsvar med nasjonale mål, vil redusere behovet for statleg detaljstyring. Kommunane vil slik få større fridom til å prioritere og tilpasse velferdstilbodet til innbyggjarane sine behov.

Dei lokale og regionale prosessane skal ta utgangspunkt i måla for reforma. Saman med ekspertutvalet sine kriterier og anbefalingar for ein god kommunestruktur, ligg det føre eit grunnlag for diskusjon, vurdering og vedtak lokalt. Samstundes er fleire sentrale føresetnadar for ei grundig og opplyst drøfting fortsatt under arbeid. Ekspertutvalet sin sluttrapport skal overleverast til regjeringa 01.12.2014, og vil danne grunnlaget for ei stortingsmelding om nye oppgåver til robuste kommunar. Meldinga skal etter planen leggast fram våren 2015, men KMD og Fylkesmannen legg til grunn at eksisterande oppgåvemengd allereie tilseier at kommunane bør vurdere eigne føresetnadar for å halde fram som i dag.

Det blir og arbeidd med eit nytt inntektssystem for kommunesektoren, og dette skal presenterast i kommuneproposisjonen for 2017 (blir lagt fram våren 2016). Kommunane er derfor bedne om å ikkje leggje avgjerande vekt på inntektssystemet slik det er i dag, når dei no skal vurdere kommunesamanslåing.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fastsett to alternative framdriftsplanar for arbeidet lokalt:

### *1) Kongelig resolusjon*

Kongen i statsråd har mynde til å vedta samanslåingar der kommunane er einige. For kommunar som gjer kommunestyrevedtak i løpet av hausten 2015, vil departementet legge til rette for at samanslåing skal kunne vedtakast på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016. Med dette løpet vil samanslåingane kunne tre i kraft frå 1. januar 2018.


### *2) Samleproposisjon om ny kommunestruktur*

Regjeringa har varsla ein proposisjon om ny kommunestruktur våren 2017. Dette føreset at alle kommunar, med unnatak av dei som inngår i alt.1 har gjort vedtak om samanslåing innan sommaren 2016. I utarbeidinga av avgjerdsgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at einskildkommunar ikkje skal kunne stanse endringar som er ønska og hensiktsmessige ut frå regionale og nasjonale omsyn. I proposisjonen vil derfor regjeringa kunne foreslå samanslåing av kommunar som ikkje er i samsvar med dei lokale vedtaka.

Fylkesmennene har fått i oppdrag å sjå til at det lokale arbeidet er avslutta innan våren 2016. For dei fleste kommunane i fylket er regjeringa sin framdriftsplan nr. 2 den mest aktuelle, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal har lagt opp til følgjande framdriftsplan lokalt:

### Framdriftsplan Møre og Romsdal

Arbeid med kommunereform er delt inn i tre fasar, som Fylkesmannen har illustrert slik:



#### 2014 – Fase 1 – Oppstartsfasen (denne saka):

Alle kommunar i fylke skal behandle (kommunestyret) sak om korleis ein ønskjer å arbeide med reforma for å kome i mål innan våren 2016. Frist for å sende vedtak til Fylkesmannen er 31.12.14, og dette er ein lekk i utløyning av kr. 300.000 i prosessstøtte.

#### 2015 – Fase 2 – Utgreiingsfasen

I løpet av våren og innan valet 2015 skal det arbeidast med lokale prosessar, faktainnsamling og -formidling, utgreiing mv. for å tryggje eit godt avgjerdsgrunnlag. Undervegsrapportering til Fylkesmannen innan 01.07.15. Etter valet skal det fokuserast på folkevaldopplæring med særskilt vekt på kommunereform og framtid utfordringer.

#### 2016 – Fase 3 – Avgjerdsfasen

Innan første tertial 2016 skal alle kommunestyra ha behandla sak om samanslåing av kommunar, og frist for innsending av vedtak til Fylkesmannen er sett til 01.07.16. Hausten 2016 skal Fylkesmannen summere opp alle 36 vedtaka, og vurdere om desse er i samsvar med måla for reforma slik dei er vedtatt av Stortinget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal forventar at kommunane utnemner ein eigen kontaktperson for reforma, eit godt samarbeid gjennom regionråda, at det vert jobba med lokalt eigarskap, at kommunane går breitt ut og ikkje avgrensar seg i arbeidet, samt

at nasjonale og lokale fristar blir halde. Samstundes stiller Fylkesmannen med juridisk kompetanse, råd og rettleiing, som bindeledd mot KMD og med skjønnstilssett til arbeidet i kommunane.

### Framdriftsplan Hareid kommune


Fylgjande moment er vurdert under lokal prosess: organisering, aktørar, aktivitetar, informasjonsstrategi, og ressursbruk for gjennomføring av prosess.

#### *Organisering*

Hareid kommunestyre er prosjekteigar for lokal prosess i Hareid. Prosjektgruppa bør bestå av ordførar, varaordførar, rådmann, hovudverneombodet og lokal kontaktperson for kommunereformarbeidet. Politisk nivå bør vere tungt involvert i dette arbeidet og ein gjer difor framlegg om at ordførar bør vere leiar av prosjektgruppa og at også varaordførar bør få sin naturlege plass i arbeidet. Interne og eksterne aktørar bør også vere ein del av organiseringa, og levere innspel til prosessen. Det same vil ein såkalla "tenketank" kunne gjere. Nærare om aktørane og kven som kan delta i prosessen er skildra under "Aktørar".

I Fylkesmannen sitt forventingsbrev er nabokommunar rådd til å samkøyre felles prosessplanar. Til ein viss grad vert dette, gjort gjennom denne saksutgreiinga då prosessgangen bygger delvis på same lest som kommunane Ørsta og Volda med omsyn på tidsplan, aktørar og aktivitetar.

#### *Organisasjonskart kommunereform Hareid kommune.*



#### *Aktørar*

Frå regjeringa si side er det lagt opp til stor grad av medverknad og involvering i arbeid med kommunereforma. Fylkesmannen peikar særskilt på at det er viktig å involvere

kommunepolitikarar, næringslivet og ulike grupper og organisasjonar i lokalsamfunnet, og ikkje minst ungdom.

Tabellen viser aktuelle aktørar og deltakarar ein meiner det kan vere aktuelt å involvere i prosessen lokalt. Prosjektgruppa bør få mynde til å definere kva for aktørar det kan vere tenleg å kople inn i prosessen. Relevante døme på aktørar er sett opp i tabellen nedanfor.

Interne aktørar	Eksterne aktørar (= referansegruppe)	Interne og eksterne (= tenketank)
Kommunalsjefar	Hareid Næringsforum (Næringsforumet koordinerer/vel ut aktørar)	Repr. frå kommunen (k-styret, Ungdomsråd, Eldreråd, Råd for likestilling av funksjonshemma) (valt i dei respektive organ)
Fagforeiningar	Frivillig sektor (Frivilligsentralen koordinerer/vel ut aktørar)	Repr. for næringsliv (valt av Næringsforumet)
Partigruppene		Repr. for frivillig sektor (valt av Frivilligsentralen)
Ungdomsråd		Grendelag
Råd for likestilling av funksjonshemma		
Eldreråd		

#### Aktivitetar

Aktivitetar omfattar m.a. utgreiing og innhenting av kunnskap, og medverknads- og involveringsaktivitetar. Både desse aktivitetsformene ligg til fase 2 i Fylkesmannens framdriftsplan (2015).

Utgreiing og innhenting av kunnskap er alt i gangsett. Fylgjande relevante data og analyser ligg føre eller er i bestilling:

- *Innbyggerundersøkelse om ny kommunestruktur på Sunnmøre*. Rapport frå Sentio Research Norge, 2014. Utført på bestilling av Søre Sunnmøre regionråd
- *Utfordringsnotat for kommunane på Søre Sunnmøre*. Skal gje kunnskap om innhald og konsekvensar av kommunereforma, og inneheld m.a. analyse av den einskilde kommune sine utfordringar knytt til reforma. Utarbeidd av BDO Advisory. Venta levering november 2014.
- *Sluttrapport til regjeringa frå Ekspertutvalget*, offentleggjerast 01.12.2014
- *Mal for spørjeundersøking blant innbyggjarar om kommunereforma*, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Venta levering hausten 2014

Sentrale datasett og grunnlagsmateriale for drøftingar er såleis ikkje på plass enno. Ein har derfor frå administrasjonen si side ikkje funne det hensiktsmessig å detaljplanlegge framdriftsplan i høve møteaktivitet og evt. innhenting av utfyllande kunnskap. Det er også ønskjeleg at politisk nivå deltek i utforming av framdriftsplanen, då dette er eit politisk initiert prosjekt. Folkemøte, temamøte, spørjeundersøkingar mm vil vere viktige aktivitetar for å involvere aktørane/befolkninga. Likeeins å bruke eksisterande møteplassar/forum til desse møta, og å nytte veileigna metodar for meningsutveksling, t.d. Open Space-metoden.

#### Informasjonsstrategi

I Fylkesmannens forventingsbrev er informasjonsstrategi, intern og ekstern, løfta fram som eit moment framdriftsplanen bør innehalde. Viktige informasjonskanalar vil vere;

- Kommunen si heimeside, [www.hareid.kommune.no](http://www.hareid.kommune.no)
- Sosiale medier (Facebook, event. også eigen blogg)
- Lokalaviser



Det vil vere viktig å legge til rette for informasjon som "treff" ulike målgrupper, likeeins oppdatert informasjon om prosessen.

#### *Gjennomføring av prosess*

Arbeidet med lokal prosess vil kunne vere ressurskrevjande, økonomisk og personalmessig, alt etter kor ambisiøst dette vert lagt opp. Kommunen får i tilskot kr. 100 000 frå regjeringa til lokal prosess, og skjønsmidlar kr. 200 000 frå Fylkesmannen. Samla tilskot til lokal prosess er kr. 300 000.

Planlegging og gjennomføring av lokal prosess, inklusive intern og ekstern informasjon, er også eit spørsmål om ressursbruk og tilgjengeleg kompetanse lokalt. Om ein legg opp til å bruke interne ressursar vil dette kunne gå ut over andre presserande dagleg oppgåver.

Med bakgrunn i at naudsynt grunnlagsmateriale er i kjømda, samt ønskje om politisk deltaking i utforming av framdriftsplan, rår rådmannen til at organisering av framdriftsplan for første halvår av 2015, vert gitt i oppdrag til lokal prosjektgruppe for kommunereforma. Informasjonsstrategi og intern ressursbruk bør vurderast som del av framdriftsplanen.

#### *Milepålar*

Lokal prosess skal fylgje nasjonal prosess, og framdriftsplan slik den er konkretisert av Fylkesmannen. I tråd med dette bør ein ta mål av seg til å gjennomføre 1-2 møte med aktørane i løpet av våren 2015, og tilsvarande for hausten 2015. Likeeins bør ein legge opp til at kommunereform er tema på minst to kommunestyremøte i halvåret i 2015 og 2016.

Faste milepålar å halde seg til er:

- 31.12.2014, frist for den enkelte kommune til å sende vedtak til Fylkesmannen, om korleis og kva tiltak kommunen legg opp til i lokal prosess (denne saka)
- 01.07.2015, rapporteringsfrist (statusrapport frå den enkelte kommune) til Fylkesmannen
- 01.07.2016, frist for den enkelte kommune til å sende "samanslåingsvedtak" til Fylkesmannen

#### **Vurdering og konklusjon:**

Lokal prosess med kommunereform skal fylgje nasjonal prosess, og framdriftsplan slik den er konkretisert av Fylkesmannen. Arbeidet med lokal prosess vil kunne vere ressurskrevjande, økonomisk og personalmessig, alt etter ambisjonsnivået. Planlegging og gjennomføring av lokal prosess, inklusive intern og ekstern informasjon, er også eit spørsmål om ressursbruk og tilgjengeleg kompetanse lokalt. Om ein legg opp til å bruke interne ressursar vil dette kunne gå ut over andre oppgåver.

Rådmannen rår til følgjande aktivitetar i perioden 1. januar – 1. juli 2015:

Januar – mars:	Folkemøte
Januar – juni:	Møte med interne og eksterne samarbeidsaktørar og tenketank
Juni:	Sak for kommunestyret med status for arbeidet, utfordringar/moglegheitsbilde og framdrift vidare

Tidfesting. nærare dato og praktisk opplegg for aktivitetane vert å avklare av prosjektgruppa.

Informasjonsstrategi og intern ressursbruk må vurderast som del av framdriftsplanen.

Folkehelse konsekvensar:  
Miljøkonsekvensar:  
Økonomiske konsekvensar:  
Beredskapsmessige konsekvensar:

Hareid, 25.11.2014

Bent Arild Grytten  
rådmann